Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9 | Fylke: Vest-Agder
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Tveit
Emne: Lauving. | Bygdelag.
Oppskr. av: Andreas Kopeid | Gard:
(adresse): NEG. | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Heimelsmann: Ola G. Föreid, bonde, f. 1877 på Föreid i Tveit.

A.

1. Det vart lauva årvisst på Föreid til kring 1920, men ikkje under siste krigen

2. Det vanlege var å lauve om hausten mellom slåtten og skurden, gjerne etter ein hadde tatt til med skurden også dersom det vart ei stund til det. I håballen var det vanleg arbeid å feste bork av eiga, og dersom det var fint lauv på den, vart det tatt til fôr.
På Föreid tok ein bare ~~att~~ lauv av ask og osp i den tida O.G.F. kan minnast – også eik di. Det vart også tatt ein del lindelauv. Før, da dei hadde sauer, tok dei bjørkelauv til sauen – dette ikkje i O.G.F's tid, men mor hans har fortalt det.
~~Arbe~~ Arbeidet heitte lauving, å lauve

3. Eiklauvet hakka ein av med sigd. Aske- og osplauvet ~~tog~~ braut ein

16595

av med handa. Det gjorde ein med lindelauvet også, men det var litt vondt å bryte så det hende dei hakka det med sigd. Dei som braut, hadde ikkje noko å live handa med.
Dei hadde ikkje og trong ikkje nokon reidskap til å böya ned greinene med. Det er ukjent at dei rispa lauv av med handa.

4. Ein tar lauv av rotfaste tre. Enten gjer ein det så at ein hogg heile kruna ned, eller ein kyller treet.
Det var mange gamle kyllingstuer på garden, både av ask, osp og linder. Serleg linnestuane kunne vera svært gamle.
O.G.F. kjente ikkje nokon regel for kor gamalt eit tre måtte vera før ein kunne kylla det första gongen. Han kjente heller ingen regel for kor ofte ein kunne kylle ein stuv. Det „kommer an på åran og ka gröe det er i trean".
Det heter å kylle. Ordet å styve ville O.G.F. brukt om å hogge av nedved rota som ved tömmerhogst.
Det var ikkje ~~vanleg~~ å brukt å rispe lauvet av kyllingstuene dei åra ein ikkje kylla.
Kyllingstuane var gjæve. Likevel vart det ikkje sett gjerde rundt dei, men O.G.F's far fortalte at hans far hadde gått rundt med ein sigd og hogd ned alle granrönninger rundt stuene.

5. Greinene vert hogd av med öks

16595

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

og kvistene braute av med handa - eikekvistene og stundom lindekvistene vert hakka med sigd. Kvistene kunne vera tjukke som ein lillefinger. Kvistene bandt ein saman i kjerv, n. Ein bandt dei med ein bjørkekvist som ein kalla bennel m.
Kjervene tok ein inn i løa når dei var rå og tørka dei over haneljelkane. Ein hadde lagt bord over hanelejelkane slik at det vart eit grisent golv og la kjervene oppå. Når lauvet var turt, la dei det ned i løa oppå høget, og la nytt lauv til turk. Turkinga tok ca. 14 dagar alt etter veret. Dette er einaste turkingsmåten O.G.F kjenner. Det vart ikkje motivert, men dei kjende svært godt til at det ikkje måtte koma regn i lauvet. Dei kunne heller ikkje ta lauv før dogga var borte. Lauvet har lett for å bli svart når det e ute, især ospelauvet.
O.G.F. kjenner ikkje til at dei hadde nokon sers reknemåte for lauvkjerv, heller ikkje lage ved lauving.
Turlauv ukjent, likeins at ein plukka askelauv og raka saman med håen.

6. Ein tar hest og kjøregreier med så langt ein kan og ber kjervene dit på byrdstav.
Det andre bruket på Føreid hadde lauvteigen og utslåtter inne i skiftet med Vennesla; dei låg ca 3 km. unna. Dei hadde utløer

16595
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

der. Lauvet la dei til tørk oppå höyet i utløa og kjörte det heim på snöen saman med höyet.
Bördene med lauv var etter styrken, ingen regel for storleiken.
Ordgnad i samband med lauving ukjent.

7. Ein tok lauvet der det var lettast å få tak i.
Mannfolka hogg ned, kvinnfolka brautt og kjerva.

8. Lauvet vart oppbevart oppå höyet.
Kyrne og hesten fekk lauv, sauene også den gongen dei hadde sauer.
Både kyrne og hesten fekk eit kjerv til siste målet kvar dag.

9. ~~O.~~ Lauv var godt för. Det gav lyst på mater, og den tid ein brukte lauv, höyrde ein aldri om mangelsjukdomar.
Osplauvet var best. Hesten fekk eit ~~a~~ ospekjerv om kvelden; det var så godt mot skjøl.

10. Ukjent.

11-13. Ukjent

14. O. G. F. kan ikkje hugsa at han har sett kyllingstuer av bjørk. Alle ble kyllet.

B.

1-9. Ukjent for O. G. F. at rakalauv er brukt i Treih.

16595

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING